

Håkon Reigstad
Osterfjordvegen 122 a
5914 Isdalstø

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Gjervik 16.11.2017

**Vedkomande dispensasjonssøknad om forlenging av løyve til mellombels lagerhall
-Gbr 188/5 - Gjervik Ytre, Lindås kommune.
ref.nr 17/2860 - 17/30083**

Syner til kommunen sitt brev av 19.10.17 (journalført 02.11.17), der kommunen ber om uttale frå Fylkesmannen vedkomande dispensasjonssak om mellombels lagerhall på Gjervik Ytre.

Eg ber om at Fylkesmannen undersøker denne saka grundig. Eg vil gjere Fylkesmannen merksam på at det er fleire vilkår i tidlegare gjeve løyve som ikkje er følgd opp verken av tiltakshavar eller kommunen.

Underteikna har sendt epost til kommunen ved postmottaket 26.01.17 og etterspurd kvifor ikkje vilkår gjeve i løyvet til hallen er følgd opp.

Underteikna har sendt epost til politikarar :

07.03.2017.(leiar og nestleiar i kontrollkomiteen)

31.08.2015. (ordførar)

23.02.2015. (ordførar)

26.02.2014. (ordførar), har sendt fleire epostar enn dette også.

Alle epostar har etterspurd kvifor ikkje vilkår i løyvet er følgd opp.

Har ikkje fått svar frå kommunen, eller kontrollkomiteen.

Fekk best svar frå ordførar 31.08.15, der det vart vist til interpellasjonen, og at vilkåra skulle følgjast opp av både rådmann og setjast på politisk dagsorden. (kopi ligg ved)

Ingenting har skjedd etter dette.

Ingen av manglande vilkår er stetta per november 2017.

Interpellasjon

Lindås Senterparti hadde ein interpellasjon i kommunestyret 21.05.15.

Men det som vart svara der, har heller ikkje vorte følgd opp av kommunen.

Nabomerknader

Ser at tiltakshavar skriv at det er ingen merknadar til denne søknaden. Det er nok korrekt. Mange av naboane har klaga før, dette førte til at tiltakshavar fekk vilkår i løyvet. Tiltakshavar har lova at han skal gjere som han har fått vilkår om (fjerne ureine (asfalt) massar, og tilbakeføre restareal til jordbruk). **Men ingenting skjer.**

Eg har snakka med fleire av naboane. Dei har gjeve opp, då det ikkje har noko føre seg å klage på nytt. Som han eine sa "- Når løyve vert gjeve på vilkår, og tiltaket vert teke i bruk utan at vilkåra er oppfølge - til tross for at kommunen og politikarane veit om dette, kvifor skal me då klage"

Avling - mat og ressursar

Restarealet ved hallen skulle i hht løyve vere dyrka jord. Eg tykkjer det er noko ironisk at mange bønder i Nordhordland søker Fylkesmannen om erstatning for tapt eller øydelagt avling, når her eigentleg skulle vore mange dekar med fulldyrka jord - lett tilgjengeleg langs E39, for alle slåttebønder. - Berre vilkåra hadde vore oppfølgt!

Ber difor om at Fylkesmannen ser grundig på saka.

Med vennleg helsing

Håkon Reigstad

Vedlegg:

Løyve gjeve i 2013

Løyve gjeve i 2015

protokoll av kommunestyre/interpellasjon 21.05.15.

kopi av epostkorrespondanse med Ordførar 2015.

kopi til

ordførar

lindås kommune ved postmottaket.

Utvalsleiar Plan og Miljøutvalet